



Fakulteta
Lektorsenteret

Dato
29.01.2026

Referanse
2024/15162

Midlar til kvalitetsutvikling i utdanninga 2026 – løypemelding og prosess

Utdanningsutvalet lyser kvart år ut midlar for kvalitetsutvikling i utdanninga. I 2025 blei det lyst ut kroner 2 100 000, som fagmiljøa kunne søke til (omtala som «Insentivmidlar for utvikling av utdanningskvalitet»).

For 2026 har utdanningsutvalet ønskt å gjere justeringar i tildelingsprosessen. Vurderingskomitéen skal ha eit fleirtal av meritterte undervisarar, og ikkje av medlemmer av utdanningsutvalet slik praksis har vore dei siste åra. Mandatet til vurderingskomitéen skal også justerast, mellom anna ved at alle søkarar skal få tilbakemeldingar på søknadene sine.

Dessutan løyva universitetsstyret i november midlar til satsinga førsteårstudenten, med ein ambisjon om å redusere fråfallet tidleg i studia. Desse midla skal lemmast inn i utlysinga, med dei føringane som styret har sett for løyvinga.

I skrivande stund vil derfor utlysinga *Midlar til kvalitetsutvikling* i 2026 bli på omtrent kroner 3 800 000. Utlysinga vil bli delt i tre føremål:

- Små prosjekt/forprosjekt knytt til satsinga på førsteårstudenten
- Pilotprosjekt knytt til satsinga på førsteårstudenten
- Andre prosjekt knytt til kvalitetsarbeid i utdanninga

Vi arbeidar med utlysinga, og vil ha henne klar innan utgangen av februar med søknadsfrist i starten av mai. Tildelinga vil skje i utdanningsutvalet sitt møte 17. juni.

I mellomtida viser vi til utdanningsutvalet si Sak 5/26 *Midlar til kvalitetsutvikling 2026 - 2029* ([lenke til pdf](#)), som set rammene til utlysingsteksten og opplegget for tildelinga. Det tar tid å utvikle gode prosjekt og vi ber dykk derfor om å gjere fagmiljøa merksame på at utlysinga vil kome og den nye retninga ho vil få.

Med venleg helsing

Sigrunn Eliassen
Prorektor for utdanning
Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrifter.

Christen Soleim
avdelingsdirektør

Postadresse
Universitetet i Bergen
Studieavdelinga
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post:
post@uib.no

Organisasjonsnummer
874 789 542

Saksbehandlar
Knut Knapskog
Telefon: 55589514
Mobil:
E-post: Knut.Knapskog@uib.no

